

KAN DU MINNEST FØRSTE GONGEN

Kan du minnest første gongen då du løp ein H-stafett,
du hadde trent deg gjennom vintren mørk og lang.
Åra dine var 'kje mange,- hadde nettopp fylt tjuett,
og du var sugen på å løpe, løpinga ha' første rang.
Slik har mange kjent og hatt det,
ingen ting var nytt i år.
Bare somme nye gutar,
Slik du sjølv var ny "i går".

Men det var den første gongen då du hadde mareritt,
då du løp - som sjølv styggen lå på hjul,
Men du stod på same flekken om du sleit og streva stritt,
der du nærpå ofra livet ditt i draktaraud og gul.
Slik har mange kjent og hatt det,
slik det også var i går.
Bare somme nye gutar
hadde mareritt i år.

Andre søndagen i mai, - - då du vakna gal og ør
frå ein drøm med Tjalvelaget først i mål,
tenkte du at slik har ingen her i laget hatt det før, -
og har nok ikkje lukka med meg, slik som bror til Per og Pål.
Slik har mange kjent og hatt det,
slik det også var "i går".
Bare somme nye gutar
vakna gal og ør i år.

Og så kom du ut på streken, der det skulle foregå,
og varma opp og tøy gde ut og rista laus,
Hjartet dunka som ein totakter, og tanken gjokk i stå,
og i mellom sveittefloga kjende du det som du fraus.
Slik har mange kjent og hatt det,
slik det også var "i går".
Bare somme nye gutar
hadde hjartebank i år.

Men så skreik det bort i gata: Første mann er gul og raud,
Raske føter kom i mot deg der du stod.
Og du tenkte som ein villmann: Eg vil heller ligge daud
enn å tape posisjonen som no er så fin og god.
Slik har mange kjent og hatt det,
slik det også var "i går",
Bare somme nye gutar
auka forspranget i år.